LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

KOPI

Sommerro Panorama AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 21.11.2019 |
| Vår: 18/74 - 19/34202 | Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest byggetrinn 1 felles teknisk infrastruktur Kubbaleitet - gbnr 137/504 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 667/19**
**Tiltakshavar:** Sommerro Panorama AS
**Ansvarleg søkjar:** Haugen Vva AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.02.18. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.10.19 og supplert 21.11.19.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Reguleringsplan Kubbaleitet |
| Bygningstiltak: | Byggetrinn 1 – felles teknisk infrastruktur<br>• o_V2, o_F1 og 2 med tilhøyrande vegskulder<br>• o_V3 og o_F3 ned mot grense til 137/49 med tilhøryande vegskulder og murar og støyskjerm på gbnr. 137/739 mot gbnr. 137/48, og støyskjerm mot gbnr. 137/53.<br>• ny avkøyrsle til gbnr. 137/48 frå o_V4 |
| Vatn og avlaup: | Offentleg |

**VEDTAK:**
**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tiltak godkjent i administrativt vedtak saknr. 049/18 datert 07.02.18 på eigedom gbnr. 137/504 mfl.**
**Anlegget eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/74

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Haugen Vva AS | Fabrikkgaten 7B | 5059 | BERGEN |
| Sommerro Panorama AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |
| Sommerro Panorama AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Haugen Vva AS | Fabrikkgaten 7B | 5059 | BERGEN |

KOPI